

To gutar på Stølen treng framleis verje.

11.10.2016



Dei tre første gutane som flytta inn på Stølen.

Gutane som bur i bufelleskapet på Stølen har funne seg godt til rette etter ei lang og innhaldsrik reise. Det er no fire gutar som er på plass, og snart flyttar også femtemann inn. Som vi tidlegare har skrive, treng gutane verje. Tre av dei har no fått verje, medan to framleis vantar. Det beste er om desse vert rekrytert lokalt.

Verje skal ivareta gutane sine interesser og handla på deira vegne i formuessaker sidan dei ikkje har nådd myndighetsalder. Dei skal også vera rettsleg representant for dei alle samanhengar og sjå til at dei får oppfylt det dei har rett på. Det er Fylkesmannen som har ansvar for å rekryterra verje, men ein kan sjølv melda seg som interessaert til å bli det.

Leiar for bufellesskapa i Kvinnherad, Vigdis Gammelsæther, har oppfordra folk til å melda seg som verje. Den beste løysinga for gutane er å få eit lokalt verje.

Dei som er interessert kan ta kontakt på epost vigdis.gammelsaether@kvinnherad.kommune.no eller på mobil 906 07 896. Dersom ein ønskjer det, kan ein avtala ein prat om ordninga med Vigdis Gammelsæther som har kontor på Stølen.

Det er også råd å ta direkte kontakt med Verjemålsavdelinga hos Fylkesmannen som administrerer ordninga.

Elles har gutane som kjem frå Syria og Afghanistan, funne seg godt til rette. Dei har fått god kontakt med jamaldringar i lokalmiljøet, og fleire av dei spelar på fotballaga. Det er [svært positive og kjekke gutter](#).

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland